

Referat frå FAU-møte 19.02.2015

Tilstades: Bente Merethe, Eli, Mathilde, Hege, Tone, Erik (rektor) og Ane Johanne Hågensen (ref)

Sak 1. Orientering om prosessen ved ei eventuell skulesamanslåing

Rektor orienterer om prosessen ved ei eventuell skulesamanslåing. Han seier Kommunen jobbar med dette og det er uttale frå tidlegare FAU på Ostereidet som vert lagt til grunn i arbeidet.

Sak 2. Oppbevaring av FAU sine permar.

FAU får ein plass på skulen der permane kan stå slik at alt er samla på ein plass.

Sak 3. Temadag / kveld.

Det vert teken opp at det kan vere mogeleg å arrangere temadag / kveld saman med andre skular i kommunen, og eit slikt arrangement kan vere felles for både lærarar og elevar.

FAU er positive til dette.

Sak 4. Skulefrukt.

Det er kome eit tilbod frå skulefrukt.no. Dette vert gått gjennom, og FAU vil ikkje gå inn på noko avtale om skulefrukt no.

Sak 5. førebuing til møte i 17-mai komitéen.

FAU ynskjer å auke feststemninga i 17 mai-toget, og motivere elevar og foreldre til å gå i toget. FAU foreslår ein konkurranse mellom klassane. Det kjem forslag om at konkurransen kan vere kven av klassane som lagar mest «liv» i toget, og så kan FAU stille med premie. Forslaget vert lufta med rektor, som seier at dersom FAU ynskjer å få dette til, kan elevane øve i skuletida før 17 mai.

Sak 6. Ymse

- FAU sin konto.
 - o Kontoen er no i orden. FAU har fått bruke skulen sitt organisasjonsnummer for å få oppretta eigane konto. Mathilde har tilgang til denne kontoen.
- Rumpeakebrett.
 - o Desse er køpt og teken i bruk til stor begeistring frå elevane.
- Grønsakshagen.
 - o FAU ynskjer å støtte opp mot denne, dersom det er behov for det.
- Skulen er 10 år i april, og det skal arrangerast ei markering.

Referent: Ane Johanne Hågensen